



BYKLEDAGEN 03.09.2022

Laurdag 03.09 • Lilestog Open kafé og utstilling kl. 11.00–13.00 • Forteljing i Bykle gamle kyrkje kl. 11.30–12.00 • Sarvdammen, aktivitetar og salsboder kl. 12.30–16.00 • Konsert og barneshow kl. 13.30–15.00 • Omvising på Bykle Vindu kl. 15.00–16.00 • Bykle Hotell, middag og bygdedans kl. 16.00–02.00.

Sundag 04.09 • 400-årsjubileum, Bykle gamle kyrkje: Gudsteneste, mat m.m. frå kl. 11.00.

For meir info sjå: www.visitbykle.no • bykle.kyrkja.no
I samarbeid med: Bykle kommune | Bykle idrettslag | Otra kraft | Setesdal brannvesen | Bykle folkeakademiet | Bykle Hotell | Bykle maskin | Bykle Vindu | Bykle husflidslag | Stasjonen Bykle



SUMMIT FRITIDS KLUBB UNGDOMSKLUBB

BYKLE-HOVDEN 2009

**15.08 SOMMERCAMP
16.08 SOMMERCAMP
17.08 SOMMERCAMP
02.09 HOVDEN
16.09 BYKLE
30.09 HOVDEN
14.10 BYKLE
TORS 20.10 - DØGNING
28.10 HOVDEN
11.11 BYKLE
25.11 HOVDEN
DESEMBER TBA**

**8. - VGS FREDAG
KL 19:00 - 22:00
100% RUSFRITT**

SPØRSMÅL? IDA, M: 95823738 /
IDA.OLSEN-SUND@BYKLE.KOMMUNE.NO

GRATIS UTLEIE FOR LOKALE BARN OG UNGDOM



KANO - SUP - ROBÅT - KAJAKK - PEDALBÅT

HEGNI

GOD SOMMAR!
BYKLE KOMMUNE



Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

August 2022 33. ÅRGANG | OPPLAG 545



Svein Hovden festivalen

Laurdag 20.august kl 14.00 til 17.00 på Bykle Samfunnshus

For hundre år sidan var Svein Hovden eit kjent namn både i Setesdal, Telemark og Ryfylke. Han var viden kjend som tradisjonsberar, songar, forteljar og trekunstnar. Det vart gjort opptak på voksrullar når Svein song dei eldgamle visene og balladane han som gutunge hadde lært av den legendariske Halvor Bjaai, og Rikard Berge, Johannes Skar og Knut Hoslemo fekk skriva ned mykje.

I første del av programmet vil Kristen Bråten Berg og Leonhard Jansen fortelje om Svein Hovden. Så vert det matpause med sal av suppe, kaffi og kaker. Andre avdeling vert variert program med Olav Mosdøl som hovudaktør, men alt er ikkje heilt fastlagt i skrivande stund. Pris 100 kr.

Følg gjerne med på Facebook sida til Setesdal Sogelag og i Setesdølen når det nærmar seg.

Helsing Olav M. Holen, Setesdal Sogelag og Suldal Sogelag

Sovevandring i Bygland laurdag 13. august,

med D/S Bjoren og veteranbuss nr. 24.

Vi startar kl. 12.00. på Brygga i Bygland (ikkje Byglandsfjord !) Der deler vi oss slik at dampbåten Bjoren går med dei det er plass til mot Byglandsfjord. Undervegs tar vi det med ro ved nokre utvalde stader der vi fortel meir om desse. Vi startar med ein sving bortom Nese og fortel litt om gullfunnet som vart gjord der i 1833 og som får ein eigen, Europeisk Kulturminnedag på Bygland 3. sept. Vidare tar vi oss nedover fjorden ca. 2 1/2 time til Byglandsfjord. Resten av dei frammøtte brukar tilsvarande tid nedover med veteranbuss nr. 24 (den grøne). Med start på musèet på Bygland og vidare nedover med tilhøyrande stopp og guide - detaljane er ikkje heilt fastsette ennå, men det vert oppdatering på fb-sida til Setesdal Sogelag.

På B.fjord er det byte - slik at dei som kom ned med bussen no får same båtturen oppatt til Bygland ca. kl. 14.45 til ca. 17.15.

Påmelding til Vidar Toreid tlf. 9062 9047 eller vidar@toreid.no

Sovevandring langs Ålmannvegen

mellan Dalen og Hartevatn i Bykle, laurdag 27.august kl 12.00

Me vil fylgje ålmannvegen frå Dalen (ved Vatnedalsdammen) til Ørnefjødd og vidare til Hartevatn. Det er oppmøte og parkering i sørenden av Hartevatn, innanfor flyplassen. Så kører me buss ned til Dalen og går nordover til Hartevatn. Turen er ca 7 km, i roleg tempo. Me tilrår vasstette sko og ta med niste. Me er så heldige å få Folke Nesland med oss på turen. Turen kostar 50 kr og kan betala på vipp 665 792, bankkonto eller kontant. Følg gjerne med på Facebook sida vår og i Setesdølen når det nærmar seg.

Helsing Setesdal Sogelag



Velkommen til jubileumsmarkering for Bykle gamle kyrkje 400 år

Sundag 4.september - Endeleg kan vi feire kyrkja vår frå 1620!

Det vert festgudsteneste kl 11 i nyekyrkja, jubileumsmiddag på Bykle Hotell og samling i gamlekyrkja på ettermiddagen med ord og tonar frå kyrkja si 402-år lange historie. Detaljert program kjem i Setesdølen og i neste Byklaren.

Bykle Sokneråd/jubileumsnemda



Jaktskyting på Geiskeli skytebane

Tirsdag 09.08 Torsdag 11.08

Tirsdag 16.08 Torsdag 18.08

Påmelding ved oppmøte 18.00 – 20.00

Sal av ammunisjon for kontantar eller med Vipps. Hugs å ta med våpenkort.

Hilsen Bykle Skytterlag



www.bykle.kommune.no

Politiske møter og saksdokument vart finn dykk på heimesida under «INNSYN»

Utdanningsstipend 1. halvår skuleåret 2022/2023

Ungdom og vaksne som er registrert i Bykle folkeregister, å tek fulltidsstudie på vidaregåande-, høgskule- eller yrkesretta utdanning kan søkje om utdanningsstipend.

Lærlingar med 2 års lærekontrakt får stipend første året av kontraktstida. Kopi av kontrakta må ligge ved søknaden.

Vedtekene og elektronisk søknadsskjema finn du på Bykle kommune si heimeside. Pass på å lagre når du fyller ut elektronisk skjema.

Frist. 1. okt.

Opningstider i haust for kulturhus og bibliotek:

Hovden grendehus og bibliotek:

Veke 32 (8.-12. august)	Måndag – fredag 9-16
Frå 15. august	Ordinære opningstider: Måndag – torsdag 8-21, Fredag 8-16

Bykle samfunnshus og bibliotek:

Frå 8. august	Ordinære opningstider: Måndag 10-17, Onsdag 13-15, Torsdag 10-17 Meiropent bibliotek alle dagar 7-23.
---------------	---

Minner om stor brannfare i skog og hei

Det er knusk tutt rundt om i fjell og hei etter ein lang periode med varme og lite nedbør. Konstituert brannsjef i Setesdal brannvesen IKS, Olav Nese, ber alle om å vere forsiktige. Det er generelt bålforbod i perioden 15. april-15. september. Nese minner byklarar og tilreisande om brannfaren.

- Når ein ser rundt i Europa korleis skogbrannane herjar så seier det seg sjølv at me må alle vere forsiktige. Turke og varme er ypperleg grunnlag for brann, seier han. I tillegg til bål som kjem ut av kontroll ser ein rundt om at alt frå knust glas til eingongsgrillar kan vere årsak til brannar.

Tekst: Ole Birger Lien

Tømekalender

Restavfall: 24.08

Matavfall: 10.08, 24.08

Papir, glass/metall, plast: 10.08

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30
- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.



Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no

DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Sundag 14.aug kl.12.00 Fellesgudsteneste på Tveitetunet i Valle, m/prest Jan Otto Fredwall, innsamling til Stefanusalliansen

Sundag 21.aug.kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste i Fjellgardane kyrkje, m/prest Harald Torgersen, innsamling til kyrkjelyden sitt konfirmasjonsarbeid

Vi over 60 - Skafsaheii Fjellkyrkje

Laurdag 27. august kl. 1200

Vi inviterer til eit hyggeleg treff i Fjellkyrkja, der vi får besøk av multimusikar

Frode Moltemyr. Han spelar bokstavleg talt på mange strengar. Det vert elles ein del andre innslag.

Lapskaus vert brakt ned frå Café Hallbjønn. Kaker og kaffi høyrer med! Pris kr. 160,-. Påmelding til Olav Haugo tlf 41191974 eller Gunstein Seltlveit tlf. 90170465 innan fredag 19. august.

Arr: *Pensionistlaga i Mo/Byrte og Dalen, og Fjellkyrkjelaget*



Hovden grendehus:

Laurdag 13. august

kl.15.00 - [Ukjend kva film]
kl.17.00 - [Ukjend kva film]



Tirsdag 30. august

kl.16.30 - [Ukjend kva film]
kl.18.30 - [Ukjend kva film]




Obs!
Nye tider

Bykle samfunnshus:

Laurdag 27. august

kl 16:30 - Minions: Historien om Gru
kl 18:30 - [Ukjend kva film]

www.bygdekinoen.no



Bykle husflidslag arrangerar UFO (uferdige prosjekt)-kveldar hausten 2022. Ta med deg ditt uferdige prosjekt, og sit saman med andre i Lislestog kvar onsdag (med unntak av dei onsdagane det er kulturfafè) kl 18-21.

Oppstart 24.august. Det vil ikkje vere lærar tilstade, men treng ein hjelptil noko kan ein spørje kvarandre.

Arr.: *Bykle husflidslag*

Kva skal dagsturhytta på Jarekollen i Bykle heite?

Agder fylkeskommune har i samarbeid med Sparebankstiftelsen SR-bank sett i gang eit prosjekt med dagsturhytter i kvar kommune i Agder. I Bykle kommune kjem hytta på toppen av Jarekollen - men kva skal ho heite? No skal Bykle kommune skipe til namnetevling.

Prosjektleiar i Bykle kommune, Vegard Vatnedalen, håpar mange kjem med forslag innan 10. august.

- Me har skaffa inn ein gassbrennar og kokesett i premie til den som kjem med vinnarforslaget. Det er kommunestyret som til slutt skal vedta kva namnet blir, og får me fleire med same vinnarforslag blir det loddtrekning for å kåre ein vinner, seier han.

Ulike kriterie

Agder fylkeskommune har sett ned ulike kriterie med tanke på namn.

- Namnet bør spele på stadnamn, natur og historie. Også segn knytta til staden hytta ligg kan vere aktuelt. Så bør namnet innehalde ei ending som hytta, bu, syn, blikk eller stoga, seier Vatnedalen.

Gratis å bruke

Hytta blir på om lag 15 kvm, og skal vere gratis å bruke. Det seier seg sjølv at ei dagsturhytte ikkje skal brukast til overnatting. Hytta er truleg ferdig i månadsskiftet september/oktober. Ein jury skal no vurdere namneforsлага som kjem inn, og så blir forslaga juryen meiner er best presentert for dei folkevalde, som altså skal ha siste ord i saka. Den som har forslag til namn på hytta kan sende det til: vegard.vatnedalen@bykle.kommune.no

Tekst: Ole Birger Lien

Alle over 75 år i Bykle kan få oppfrisking av korona-vaksine

Folkehelseinstituttet tilrår ny oppfriskingsdose med korona-vaksine for alle over 75 år. No er tilbodet klart for folk i kommunane Bykle og Valle.

Oppfriskingsdosa skal ein ta tidlegast fire månader etter sist vaksinedose. Viss ein har hatt covid må det gå minst tre veker etter at ein vart frisk før ein får oppfriskingsdose.

For dei som ynskjer ei oppfriskingsdose og møter kriteria som er lagt til grunn er Bykle legekontor staden å vende seg. Kontoret kan du ringe på tlf **37938670**.

Tekst: Ole Birger Lien

